# Møtereferat

| | |
|---|---|
| **Møte:** | Møte AU Nord-Norge |
| **Tid/Sted:** | Måndag 04.09 kl 13.30 – kl 19.00 på Rundhaug gjestegård<br>Tysdag 05.09 kl 09.00 – kl 13.30 på Nortura Målselv |
| **Tilstede:** | Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Bjørn Arne Skoglund, Bente Børsheim, Birgitte Rørvik Bruun (forfall dag 2), Merethe Sund, og Arne Flatmo. |
| **Forfall:** | Fred Tore Fagereng og Svein Inge Jakobsen |
| **Kopi til:** | Vara AU, Tor Olav Brandtzæg og leiargruppa region Nord |
| **Referent:** | Brit Kari Eidseflot Hauger |

Molde 05.09.17

| Sak nr. | Emne | Ansvar |
|---|---|---|
| 1 | **Orientering frå styremøtet 21.08**<br>Merethe orienterte om totalmarknaden, konsernrapport, volumvekst på merkevarene, og NOVA med behov for tilleggsramme. Vidare at det vert jobba med utskiljing av Animalia til felleseigd selskap med Nortura-anedel på 66 % og KLF på 33 %. Fokus dyrevelferdssaker. Befaring på Curtis Wool m.fl i England. Vi må få fram det positive som skjer på ull, som konkurransefortrinn til Fatland.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar:</u><br>• Er kuimporten redusert/stoppa?<br>• Kva fokus har vi på datasikkerheit?<br>• Produktutvikling viktig, men også fokus på utvikling av emballasje.<br>• Bekymring for økonomi- og prosjektstyring i NOVA-prosjektet.<br><br>**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.** | |
| 2 | **Førebuing av ressursgruppemøta i september**<br>Brit Kari orienterte om arbeidet i ressursgruppene i september, der handlingsplanane for 2018 skal leggast i samarbeid med fag/tilførsel.<br><br>Arne har delegert deltakinga i handlingsplanarbeidet til fylgjande:<br>• Småfe: Bernt Mikalsen og Linn Hege Engen<br>• Storfe: Birger Theodorsen og Trine Helen Myrvang<br>• Gris: Christer Skreslett<br><br>**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.** | |
| 3 | **Kretsarbeidet**<br>Brit Kari orienterte om ny konsernstrategi som skal på høyring i kretsutvala før RU-møtet, samt handlingsplan 2018 for fag/tilførsel som også skal på høyring. Korleis motivere kretsutvala?<br><br><u>Innspel:</u><br>• Medvirkning og påvirkning vil her vere viktig gulrot.<br>• Vurdere 2-dagers RU-møte til våren pga flytidene til Tromsø.<br>• Mogeleg å arrangere Tillitsvalgtopplæring dagen før RU-møtet på våren?<br>• Opplæring av kretstillitsvalde som tema/del av RU-møtet?<br><br>**Vedtak: AU fylgjer opp kretsarbeidet i sine ansvarskretsar.** | <br><br><br><br><br><br><br>Brit Kari<br>Brit Kari |

| | | |
|---|---|---|
| 4 | **Planlegging av regionutvalsmøtet 07. – 08.11**<br>Brit Kari orienterte om tidsramme og agenda.<br><br><u>Innspel:</u><br>• Tilførslar og sluttmarknad/sal er viktige tema for regionen.<br>• Sal/marknad: Kvifor finn vi ikkje varene i butikk? Kva vert gjort for at det kan verte betre? Korleis jobbar vi i daglegvare? Kvifor ulik listing i ulike butikkar?<br>• Ynskjer Robert Bekkhus og Ole Riibe, evt også konsulent Terje Husby.<br>• Dyrevernsorganisasjonane sitt engasjement, kva må vi førebu oss på? Korleis kan vi vere i forkant? Dyrevelferd. Trendar i marknaden, kva skjer i Europa? Fagsjef gris Odd Magne Karlsen? Kommunikasjonsavdelinga? Kva gjer vi for å marknadsføre oss? Svare ut i sosiale media, jf inntransport av gris på Facebook?<br>• Regionsjef øst jobbar med mal for besøk av rådgjevarar og Mattilsyn i svinebuskapar.<br>• Nord-Norge trekket: Svein orienterer om svar frå styret i sin tale, i tillegg til orientering frå styreleiar.<br><br>**Vedtak: Adm jobbar vidare med planlegginga av regionutvalsmøtet.** | |
| 5 | **Orientering og omvisning Nortura Målselv**<br>Arne Viggo Nesvold orienterte frå Nortura Målselv, og Pål-Kenneth Løvås frå arbeidet på medlemssenteret.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar:</u><br>• Får no både avrekningsbrev og betalingsmelding, også utan å ha trekk, kvifor? Skaper meirarbeid for føringa av rekneskapet.<br><br>**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.** | Pål-Kenneth |
| 6 | **Livdyrformidling region Nord**<br>Arne orienterte om omsetningstal, livdyrsituasjonen og rutiner for livdyrformidlinga. Ei utfordring er mogelegheita for info til produsent i tilfelle lang ventetid.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar:</u><br>• Ynskje om dyrebil med vekt.<br>• Kvifor skilnad i transportkostnad mellom Nord og resten av landet? På nettsidene pris med region Nord i parentes, kvifor? Kva sats vert nytta i praksis?<br>• Er Min Side for tungvint for medlemane for livdyrformidling?<br>• Facebook-grupper er konkurrent til livdyrformidlinga, mange synes det er enklare. Kan då også få bilete av dyret, ser kva ein får.<br>• TINE har system der det vert meldt frå pr SMS med namn på seljarar, som kjøparar kan kontakte. Er enklare dette.<br>• TINE har oversikt over buskapar ved kvotesal og -kjøp.<br>• Viktig med info om ventetid, t.d. ein gong for månaden eller annankvar månad, kan vere arbeidssparande for livdyrformidlarane,<br><br>**Vedtak: AU ynskjer å invitere repr frå livdyravdelinga til neste fysiske AU-møte.** | Brit Kari |
| 7 | **Informasjon frå Medlem region Nord**<br>Arne orienterte om møter med Fylkesmennene i Troms og Finnmark vedk storfekjøtprosjekt i dei to fylka. Positive signal om støtte til forprosjekt, for utarbeiding av prosjektplanar. Vidare om tilførslane så langt i år.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar</u>:<br>• Bør søke Sametinget om støtte til storfekjøtprosjekta. Bør også involvere Nordnorsk landbruksråd. (Arne)<br>• Vert landbruksskulane involvert i storfekjøtprosjekta, der finnast jo rekrutteringa. (Arne)<br>• Ynskjer at vi aktivt går ut og seier at vi har behov for svineprodusentar i Troms, t.d. ved evt avvikling i Finnmark. Svært viktig for aktiviteten ved Målselvanlegget. (Arne)<br><br>**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.** | Arne<br>Arne<br>Arne |

| | | |
|---|---|---|
| 8 | **Orientering frå arbeidet i fagutvala**<br>Saka vert utsett til neste møte. | Brit Kari |
| 9 | **Eventuelt**<br>Svarbrev frå Hans Thorn Wittussen på brev frå AU Nord til styret om Nord-Norge trekket, og brev om ressursar til storferådgjeving:<br>• AU gjekk gjennom svarbrevet med berekna slaktekostnader for Nord-Norge samanlikna med øvrige fabrikkar i landet, og drøfta konsekvensane.<br>• Martin Ness har sendt mail til dette AU-møtet med spørsmål om oppfølging av Nord-Norge trekket. Svein gjev skriftleg tilbakemelding.<br>• Styreleiar bør inkludere dette i si orientering i RU-møtet<br>• AU ber adm om å berekne volumendring i tilførslar før og etter siste endring i Nord-Norge trekket<br>• Gjennomgang av svaret vedk ressursar til storferådgjeving vert utsett til neste AU-møte.<br><br>Mail frå Bernhard Halvorsen og Jon Østring (via Martin Ness) vedk prisløype lam og beitetilskot:<br>• AU ynskjer at det vert sendt ein info mail til saueprodusentane i regionen, for å oppklare misforståingar vedk beitetilskotet<br>• Viktig å få ut info frå kva veker det er mogeleg å levere til anlegga<br>• Førsesongmøta er viktige info kanalar | Svein<br><br>Arne<br><br>Brit Kari/<br>Svein<br><br>Brit Kari |